LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 25.09.2018 |
| Vår: 18/2024 - 18/29261 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# Trong for meir tilleggsinformasjon til søknaden - gbnr 104/60 Haukås (Lindås)

| | |
|---|---|
| Tiltak: | standplassbygg |
| Byggjestad: | Gbnr: 104/60 |
| Tiltakshavar: | Lindås Skyttarlag |
| Ansvarleg søkjar: | Kaland Trelast AS |

Viser til søknad om dispensasjon og løyve til riving og oppføring av standplassbygg motteken 04.07.2018. Vi har sett litt meir på søknaden og det er eit par ting til vi treng før vi kan handsama søknaden.

**Vatn og avløp**
Søknaden om løyve til tiltak har ingen opplysningar om vatn og avløp – noverande eller framtidig. Vi ber om ei utgreiing om kva de har i dag og kva for ei løysing de ser for dykk, når avløp med tett tank ikkje kan godkjennast.

**Teikningar**
Planteikninga er ikkje påført romfunksjonar. De må visa kva dei ulike romma og areala skal brukast til.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 12.10.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kaland Trelast AS | Keilevegen 45 | 5953 | FONNES |
| Lindås Skyttarlag | Øksnesvegen 76 | 5943 | AUSTRHEIM |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kaland Trelast AS | Keilevegen 45 | 5953 | FONNES |